

Velkommen

Til deg som skal innleggast for keisersnitt ved Ålesund sjukehus

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Inntakskoordinator for operasjon: 70 10 59 54
Fødeavdeling: 70 10 59 40
Barselavdeling: 70 10 59 30
Ammepoliklinikk: 70 10 59 66 / 70 10 59 26

For meir informasjon sjå internettsidene:
www.helse-sunnmore.no
www.ammehjelpen.no



Informasjon

Ved innlegging

Du møter til avtalt tid direkte i fødeavdelinga (8.etg.), der vil jordmor ta imot deg og gi informasjon om det planlagte keisersnittet. Du får og samtale med lege frå anestesivdelinga og lege frå fødeavdelinga.

Du må ta med Helsekort for gravide, ultralydskjema, blodprøvesvar og eventuelt andre aktuelle opplysningar knytta til svangerskapet. Dersom du brukar medisinar må alle takast med til sjukehuset. Det kan og vere greit å ha med morgenkåpe, behageleg tøy, innesko og toalettsaker. Førebuingar som t.d blodprøvetaking, barbering og klyster vert gjort i avdelinga.

Dersom du skal sove heime ber vi om at du skriv deg inn ved pasientmottak (u.etg.) når du kjem tilbake operasjonsdagen. HUSK å faste frå midnatt kvelden før operasjonen.

Far/partnar er velkommen til å følge deg under og etter inngrepet.

Pengar og verdisaker tek du med på eige ansvar. Sjukehuset er i dei fleste høve ikkje ansvarleg for pasienten sine verdisaker eller pengar. Vi har nokre låsbare skap som kan nyttast ved behov.

Etter keisersnittet

Dei første timane etter operasjonen vert du liggande til observasjon ved intensivavdelinga (2.etg.). Barnet kan du ha hos deg så snart du ønsker det. Tidleg hud mot hud kontakt med barnet har høg prioritet, og vil vere stimulerande for ammeprosessen.

Etter få timar vert du flytta til barselavdelinga. Her tilbyr vi hjelp og støtte til amming og stell av barnet.

Far/partnar og søsken er velkommen i barselavdelinga og i barselhotellet. I barselavdelinga er det kviletid for mor og barn frå kl.13.00-15.00.

Kvinner som er operert med planlagt keisersnitt vert normalt utskriven 3. dag etter operasjonen. Før heimreise vil du få tilbod om utreisesamtale med jordmor.

Etter heimreise kan du om behov kontakte vår ammepoliklinikk for vidare veiledning og oppfølging dei første 2 vekene etter fødselen. (Tlf: 70 10 59 66/ 70 10 59 26).

Under opphaldet kan du bruke eigen mobiltelefon. Dersom du har telekort kan du og nytte telefonen som er plassert i korridor mellom føde - og barselavdelinga.

Parkering skjer på tilviste plassar ved sjukehuset si besøksparkering. Parkeringsavgift batalst på etterskot med bankkort eller kontant. Veil.pris er p.t. kr. 80,- pr. døgn.

